

Agder Historielag

Postboks 136
4662 Kristiansand S
kontakt@agderhistorielag.no
Tlf. 38 10 74 21



ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR AGDER HISTORIELAG LAURDAG 21. APRIL 2012

Stad: Matsalen på Setesdal vdg. skule avd. Hornnes, "Gymnaset", kl.11.00-14.15.

Til stades: 56 frammøtte, inkludert føredragshaldar, skrivar og styre.

Innleiing: Styreleiar Beint Foss ynskte velkommen.

Magne Haugland heldt føredrag om russiske krigsfangar, med tittelen "Russarfangar i Noreg og på Agder – ei gløymd historie?" Fangane var med på å leggje infrastruktur, festningsanlegg og industriarbeid, men hadde særslig harde kår med utruleg lite mat, mykje sjukdom og tortur/smerte. Han fekk velfortente blomar etter føredraget. Klokka 12.30 var det middag og blautkake etterpå, og 13.15 var det musikalsk innslag og opplysningar om barnevandrarane ved Paul Sveinall. Så tok årsmøtet til kl. 13.40.

Sak 1 VAL AV MØTELEIAR

Kristian Sundtoft vart vald til møteleiar.

Sak 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkallinga og saklista vart godkjend, og av dei totalt 56 frammøtte, var 49 røysteføre (føredragshaldar, skrivar og 5 observatørar var utan røysterett).

Sak 3 VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

John Seldal (Øyestad Historielag) og Salve Grindland (Finsland Historielag) vart valde til å skrive under protokollen.

Sak 4 GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Det var ein merknad til årsmeldinga: At jubileumsfesten til Arendal Historielag var i 2010, og ikkje 2011. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend med denne merknaden.

Sak 5 GODKJENNING AV REKNESKAPEN

Rekneskapen viste 55.603 kroner i overskot i 2011. Rekneskapen var revidert og funnen i orden, jamfør revisjonsmeldinga som var lagt fram før møtet. Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

Sak 6 INNOMNE FRAMLEGG

Det var ingen innkomne framlegg, så denne saka gjekk ut.

Sak 7 BUDSJETT

Årsmøtet gjekk samrøystes inn for budsjettet som vart lagt fram før møtet.

Sak 8 VAL

I valnemnda sat Ellinor Lundberg (Arendal), Kjell Ove Sætren (Mandal), Bernt Gautestad (Evje) og Kari Mestad (Torridal). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Straks før årsmøtet var heva, takka leiaren for tilliten og delte ut blomar til møteleiar Kristian Sundtoft og avtroppende valnemndmedlem Kari Mestad.

Beint Foss nytta høvet til å orientere om Landslaget for Lokalhistorie heilt til slutt, og Olav Arne Kleveland informerte om turen til Østfold turnemnda planlegg til 23.-26. aug. Og leiaren nytta høvet til å gje han blomar for det framifrå arbeidet i turnemnda.

Styret i Agder Historielag:


AUST-AGDER	DIREKTE MEDL.	VEST-AGDER	DIREKTE MEDL.
Styremedlem	Kristian Sundtoft	Styremedlem	Beint Foss
Attvald for 2 år	V.Moland+Lill.historielag	Ikkje på val, 1 år att	Tveit Historielag
<i>Varamedl.</i>	<i>Lars Petter Østby</i>	<i>Varamedl.</i>	<i>Helge Wiig</i>
<i>Nyvald for 2 år</i>	<i>Høvåg Museums- & hist.lag</i>	<i>Ikkje på val, 1 år att</i>	<i>Holum Historielag</i>
AUST-AGDER	LOKALLAGSMEDL.	VEST-AGDER	LOKALLAGSMEDL.
Styremedlem	Birgit Attestog	Styremedlem	Inge Augland
Ikkje på val, 1 år att	Setesdal	Ikkje på val, 1 år att	Torridal Historielag
<i>Varamedl.</i>	<i>John Seldal</i>	<i>Varamedl.</i>	<i>Bjug Åkre</i>
<i>Ikkje på val, 1 år att</i>	<i>Øyestad Historielag</i>	<i>Ikkje på val, 1 år att</i>	<i>Direktemedlem</i>
Styremedlem	Gunnar Torstensen	Styremedlem	Ragnhild S. Larsen
Attvald for 2 år	Tromøy Historielag	Attvald for 2 år	Flekkefjord Hist.lag
<i>Varamedl.</i>	<i>Sveinung Lien</i>	<i>Varamedl.</i>	<i>Kenneth Trølandshei</i>
<i>Attvald for 2 år</i>	<i>Tvedstrand Historielag</i>	<i>Attvald for 2 år</i>	<i>Kvinesdal Historielag</i>
Styremedlem	Eilert Skjævestad	Styremedlem	Liv Kirsten Rølland
Ikkje på val, 1 år att	Tromøy Historielag	Attvald for 2 år	Vennesla Historielag
<i>Varamedl.</i>	<i>Knut Engelskjøn</i>	<i>Varamedl.</i>	<i>Gerd Lillian Olsen</i>
<i>Ikkje på val, 1 år att</i>	<i>Austre Moland Historielag</i>	<i>Attvald for 2 år</i>	<i>Søgne Historielag</i>


Leiar: Beint Foss frå Tveit, attvald for 1 år

Nestleiar: Eilert Skjævestad , attvald for 1 år

Revisjon/ettersyn av rekneskap: Fylkesrevisjonen i Vest-Agder

Valnemnda: Torgeir Retterstøl (Eide Sogelag, nyvald for 2 år), Ellinor Lundberg (Arendal Historielag, går inn for Bernt Gautestad 1 år), Anne-Berit Erfjord (Kvinesdal Historielag, nyvald for 2 år), Kjell Ove Sætren (Mandal Historielag, ikkje på val, 1 år att).


John Seldal


Salve Grindland

Referent: Borghild Løver